

Fylkesmannen Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7426 - 20/44740

Saksbehandlar:
Kristin Nåmdal
kristin.namdal@alver.kommune.no

Dato:
21.07.2020

Oversending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for avgjersle knytt til motsegn på tema havbruk i kommunedelplan for Meland

Alver kommune ber med dette Kommunal - og moderniseringsdepartementet avgjere saka knytt til motsegn frå Fylkesmannen i Vestland på kommunedelplan for Meland, tema havbruk.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyre i Alver har vedteke å sende saka over til Kommunal -og moderniseringsdepartementet som øverste planmyndighet. Alver ber om at KMD handsamar motsegn, som er knytt til klart avgrensa deler av planen, tema havbruk.
Alver kommune syner i saka til rundskriv H 2/14 Retningsliner for innsiglese i plansaker etter plan og bygningsloven, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-for-innsigelse-i-plansaker-etter-plan--og-bygningsloven/id751295/> vedkommande prosess knytt til motsegn mot kommunale planer og saksgang etter mekling.

Bakgrunn for saka er vedtak gjort av Alver kommunestyre i sak KO- 027/20 Dato 14.05.19.
«Endelig planvedtak for tema havbruk i kommunedelplanen for Meland vert overført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for avgjersle.»

Historikk knytt til saka:

Formannskapet i gamle Meland, no Alver kommune varsla oppstart av arbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel jmf. Plan og bygningslova. § 11-12, i tråd med vedteke planstrategi.

- Formannskapet har i møte 17.03.17 vedteke å rullere kommuneplanen sin arealdel på fylgende tema:

- Areal for havbruksnæring på land og vann, samt areal for djupvasskai
- Reiselivsrealert næringssutvikling til dømes Meland golf

- Sambandet Vest AS sitt val av vegløysningar over Meland
- Areal for parkering til attraktive turområder og rasteplassar
- Areal for gjenbruksmassar(diverse typar jord og stein) i kommunen
- Vurdere område for ny barneskule i området Frekhaug – Dalstø
- Planprogrammet var på offentleg ettersyn og høyring med frist 14.11.2017
- Planprogrammet er vedteke i kommunestyre 14.02.18.
- Kommuneplanen sin arealdel på tema var på høyring og offentleg ettersyn i perioden 30.04. til 04.07.19. Planen var drøfta i Regionalt planforum. I møte Regionalt planforum var deltakarane samde om at kommunen skulle ha eit eige møte med Fylkesmannen i Vestland for å drøfte havbruk i planen. Vi hadde dialogmøte med Fylkesmannen i Vestland 17.06.19.
- Referat frå møte datert 19.06.19 har vore førande for endringar og rettingar i planarbeidet etter høyring. Etter dialogmøte har det vore e-post og telefon dialog med planavdelinga hos Fylkesmannen i Vestland, om kva kommunen bør endre i planen.
- I høyring og offentleg ettersyn i perioden mai til juli 2019 varsla Fylkesmannen i Vestland motsegn til tema havbruk. Meland kommune ved ordførar ønska eit nytt dialogmøte om planen. Møte var den 27. 09.19. I dette møte varsla Fylkesmannen motsegn på alt areal som var lagt ut som havbruk i planen. Det på tross av at kommunen hadde etter sitt syn levert oppdatert konsekvensutgreiing etter det første dialogmøte og tatt ut eit større nytt areal for havbruk i planframleggjet som var sendt ut på høyring.
- Kommuneplan for Meland 2019-2030 var behandla i Meland kommunestyre i sak 55/2019 i møte 16.10.19. Kommunestyre gjorde følgjande vedtak:
«I medhald av lov om planlegging og byggesaksbehandling § 11-16 vedtok Meland kommunestyre kommuneplanen sin arealdel, med unntak av tema havbruk som det er knytt motsegn til frå Fylkesmannen i Vestland, og havbruk på land og djupvasskai i området N11 på Landsvik som det er varsle motsegn til.
Endeleg planvedtak for tema havbruk i kommuneplanen sin arealdel vert overført til Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) for avgjersle. Endeleg vedtak for havbruk på land og djupvasskai i området N11 på Landsvik vert overført KMD. Viser til plankart som er sendt på høyring. Areal til havbruksnæring på land og djupvasskai i området N 11 på Landsvik blir ein del av planen.»
- Prosess etter vedtak i kommunestyre i 16.10.19 i gamle Meland kommune, no Alver kommune.

Kommunane Radøy, Meland og Lindås vart slått saman til Alver kommune frå 01.01.20. Siste formelle kommunestyre i Meland var i oktober 2019.

Formelt sett måtte difor eit vedtak om vidare arbeid med planen gjerast av det nye kommunestyre i Alver kommune, etter gjennomført formell mekling med Fylkesmannen i Vestland og motteke referat frå meklinga.

Det har i prosessen etter vedtak i Meland kommunestyre i oktober, vore dialog med rådmann i Alver og ny politisk leiing i Alver kommune om denne saka. Dei har og delteke i fleire felles møter om saka.

Etter vedtaket i kommunestyre var det formell mekling om tema havbruk i kommuneplan den 12. desember 2019 hos Fylkesmannen i Vestland. Det vart mekla mellom Meland kommune, no del av Alver kommune, og Hordaland fylkeskommune, no del av Vestland fylkeskommune, og Fylkesmannen i Vestland.

Sara Hamre Sekkingstad, Ordførar Alver kommune, dåverande Ordførar i Meland kommune, Øyvind Oddekalv, Nils Marton Aadland, dåverande varaordførar, Meland kommune, Martin Kulild, rådmann Meland kommune, ass. rådmann Hogne Haugsdal i dåverande Lindås kommune og Kristin Nåmdal, leiar plan og analyse var tilstades i møte.

- I brev frå Fylkesmannen i Vestland datert 19.02.20 er resultat av meklinga oppsummert slik:

Mekling mellom kommunen og Fylkesmannen i Vestland:

«1. Område for akvakultur i sjø

Fylkesmannen har motsegn til område for akvakultur i sjø grunna mangelfulle utgreiingar og vurderingar. Tema vart diskutert, også for ulike alternative forslag. Partane vart ikkje samde og motsegna står.

Meklinga førte ikkje fram for akvakultur.

2. Området Landsvik

Kommunen og Fylkesmannen vart samde i at området skal vere som i eksisterande areal del til kommuneplanen utan endring.»

- Alver kommunestyre handsama saka etter formell mekling i møte den 14.05.22. vedtak: «Endelig planvedtak for tema havbruk i kommunedelplanen for Meland vert overført til Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) for avgjersle.»

Alver kommunestyre ynskjer nå å få Kommunal - og Moderniseringsdepartementet til å vurdere saka knytt til tema akvakultur i kommunedelplanen for Meland.

Bakgrunn for tema akvakultur i kommunedelplan for Meland.

Kommunedelplan for Meland er nå vedteke, men vi har ikkje oppdatert overordna planverktøy for tema havbruk. Forsvaret har etablert eit forbodssone i Herdlefjorden og det skaper utfordringar for eksisterande havbruksnæring som lig i sona. I planarbeidet var det eit overordna mål å vurdere areal eigna for havbruk. Det er eit nasjonalt mål å ha fokus på akvakulturnæringa sitt potensiale. Noreg skal vere ein leiande havnasjon, og havbasert verdiskaping er viktig for sysselsetjing langs heile

kysten.<https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonal-e-forventninger-2019-nn.pdf>

Potensialet for ytterlegare vekst i næringa er stort, og Alver ønskjer å medverke til å realisere dette. Det er viktig å kartlegge moglegheiter og avgrensingar framover.

Situasjonen i gamle Meland kommune er spesiell då eksisterande næring får ikkje høve til å vidareutvikle drifta si på grunn av militær forbodsone. Dei kan heller ikkje drive meir miljøvenleg, for dei har for knapt med areal i dagens plan. Næringa har heller ikkje nytt areal godkjent i overordna plan (KPA) å utvikle for flytte frå det gamle anlegget og etablere drift på nytt areal. Ved søknad om dispensasjon var svaret frå Fylkesmannen at dette må vurderast i overordna plan. I prosess med overordna plan får vi til svar at dette må sjåast i eit større perspektiv. Det har tidlegare vore ein søknadsprosess der næringsaktøren har utarbeida reguleringsplan for å flytte arealet som ligg i forbodsona over til ein ny stad. Denne reguleringsplanen fekk kommunen ikkje godkjent, då arealet ikkje låg i overordna plan.

Dette var ein av hovudårsakene til at tidlegare Meland kommune ville rullere kommuneplanen på tema. Det har i prosessen vore dialogmøter med eksisterande akvakulturnæring i området. Næringa signaliserte at situasjonen er svært krevjande og dei truleg ikkje kan drive vidare i Meland med eksisterande rammevilkår.

Kunnskapsgrunnlag og konsekvensutgreiing

Eit tema som har vore drøfta med Fylkesmannen er nivå på konsekvensutgreiing i overordna plan. Alver kommune meiner det har vore gjort ein grundig prosess i arbeidet med å kartlegge areal for akvakultur.

I arbeidet med akvakulturanlegg i sjø er det i planen lagt inn areal som vart avdekkja som eit resultat av ein akvakulturanalyse. Det har vore dialog med aktørar i næringa. Arbeidet var organisert som ei interesseavklaring mellom akvakultur og andre bruks- og verneinteresser på eit overordna nivå. Vi har vurdert tema akvakultur, sjøtransport og maritim næring, fiskeri og anna næring. Dette er vurdert i samanheng med naturgrunnlag i sjø, friluftsliv, landskap, kulturminne og kulturmiljø. Deretter er det gjennomført ei konsekvensutgreiing og risiko og sårbarhetsanalyse(ROS) Samla belastning på fjordsystema vil kunne auke, men det er òg sannsyn for at ein ikkje vil merke noko nemneverdig forskjell grunna utviklinga i bransjen, samt miljøfokus. Tilhøva kan til og med forbetra seg. Etablering av tareproduksjon vert sett på som eit særskilt positivt tiltak for Meland kommune, og vil kunne ha positive ringverknadar på økologisk tilstand i dei aktuelle områda.

Fylkesmannen ber kommunen vurdere tolegrensa for oppdrettslaks i fjordsystemet. Samla belastning for heile fjordsystemet er svært krevjande å gjere på eit overordna nivå. Etter det vi kjenner til heller ikkje vanleg praksis i andre fylker ved etablering av akvakulturanlegg på kommuneplannivå. Det er i fasen med tildeling av konsesjon for drift av anlegg desse vurderingane kjem. Då vil sektormynde som fylkeskommunen, Mattilsynet og Fylkesmannen i samarbeid gjere desse vurderinga.

Basert på KU og ROS kom rådmann fram til at det bør leggjast til rette for område for akvakultur ved Kjeppevikholmen, to kombinerte område ved Skjelanger (FEFIAKFR) og to kombinerte område ved Kvernhusa/ Einhøyen (FEAK). Desse områda er det gjort KU og ROS for (ligg i eigne dokument). Alle desse område ligg i tidlegare plan, men har fått eit arealutviding.

Eit tema for planarbeidet relatert til akvakultur er innvendingar/motsegn frå Fylkesmannen i Vestland knyta til det samla kunnskapsgrunnlaget for fjordsystemet. Rådmann har i dialog med fylkesmannen i Vestland i prosessen revidert kunnskapsgrunnlaget, og har mellom anna inkludert fagkjelder tilrådd av Fylkesmannen. (Det ligg eit notat frå Multiconsult datert 05.12.19 knytt til kunnskapsgrunnlag til denne saka.)

Kunnskapsgrunnlaget skal i følgje Naturmangfaldlova stå i rimeleg forhold til plantiltaket sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Kunnskapsgrunnlaget byggjer i denne samanheng på eksisterande registreringar og overordna status i dei forskjellige områda. Dei nasjonale databasane Naturbase, Artskart, Miljøstatus, Lakseregisteret, Vann-nett og Barentswatch Fiskehelse har vore nytta. I tillegg har det vore nytta Havforskningsinstituttet (HI) sine årlege risikovurderingar knytt til akvakultur, samt nasjonale overvakingsprogram for lakselus. Meland sine eigne forvaltningsplanar for vassdrag samt kartlegging av sjøaurevassdrag i kommunen er òg teke med i kunnskapsgrunnlaget. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert å vera tilfredsstillande med omsyn til plannivå og planføremål sine omfang.

I planskildringa(ligg ved saka), er det kort gjort greie for akvakulturanalysen og metodien for den, innkomne innspel og resultatet av KU og ROS. Her er det søkt skildra kvifor ein kom fram til resultata ein gjorde, inkludert kort om akvakultur i plan- og bygningslova i høve til sektorlovgiving og driftstekniske forhold/økologisk tilstand.

Prosess knytt til plan

Alver kommune meiner at Fylkesmannen i Vestland har kome seint inn i planprosessen med merknader og varsel om motsegn. I rund skriv H 2/14 er det under punkt 2.1.4 referert til ein effektiv planprosess, medverking og samordning og regionalt planforum. Her står det:
«*Gode og ryddige planprosesser er viktig. Det er av stor betydning at kommunen tidlig i planprosessen tar kontakt med aktuelle sektororganer og fylkeskommunen slik loven forutsetter. Innsigelsesmyndighetene er på sin side forpliktet til å medvirke i planprosessen fra et tidlig tidspunkt.*»

Departementet viser og til plan og bygningsloven § 4-1 om planprogram. Av tredje ledd framgår det at dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn, da skal dette komme fram av merknad til planprogram.

Alver kommune har vore i Regionalt planforum, fleire dialogmøter og mekling med Fylkesmannen i Vestland og opplevde at vi ikkje fekk konkrete tilbakemeldingar i denne saka.

Alver kommune ber om at Kommunal- og moderniseringsdepartementet tek det endelige planvedtaket jmf. I plan- og bygningsloven § 11-16.

Med vennleg helsing
Alver kommune,

Kristin Nåmdal
Leiar plan og analyse

Hogne Haugdal
Kommunalsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- Vedlegg 1. Foresegn-kommuneplanen-sin-arealdel-meland-vedteke-16.10.19
- Vedlegg 2. Arealplankart_temarevision_meland_2019 MED AREAL FOR HAVBRUK (L)(98186)
- Vedlegg 3. arealplankart_temarevision_meland_2019 med UNNTAK AV TEMA HAVBRUK
- Vedlegg 4.planskildring-kommuneplan-sin-arealdel-pa-tema-vedteke-16.10.19 (L)(98189)
- Vedlegg 5. ROS-analyse basert på forrige kommuneplan_rev
- Vedlegg 6.Mealnd Analyse Havbruk
- Vedlegg 7. Notat_kjelder til kunnskap
- Vedlegg 8. PLAN-RAP-DES19 oppsummering Akvakultur
- Vedlegg 8. PLAN-RAP-DES19 oppsummering Akvakultur
- Vedlegg 9. Areal nr 2
- Vedlegg 10.Areal nr 3
- Vedlegg 11.Areal nr 6
- Vedlegg 11.Areal nr 6
- Vedlegg. 12.Areal nr 7
- Vedlegg 13.Temavis rullering av kommuneplanen sin arealdel Kommunestyresak 55.19
- Vedlegg 14. Meland temarullering areal for havbruk- Vidare prosess knytt til motsegn sak 14.05.20

Mottakarar:

Fylkesmannen Vestland

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER